



■ rundskriv nr. 03/21

Frå:	Til:
Kompetanse- og næringsavdelinga	Dei vidaregåande skolane i Møre og Romsdal Dei private vidaregåande skolane i Møre og Romsdal
Dato:	Ref:
16.02.2021	15176/2021/

Retningslinjer for munnleg og munnleg-praktisk eksamen i Møre og Romsdal fylkeskommune

Dette rundskrivet erstattar rundskriv nr. 03/19 frå Utdanningsavdelinga.

Retningslinjene gjeld frå eksamen våren 2021 og er laga med utgangspunkt i, og i samsvar med sentrale retningslinjer og regelverk:

- [Regler for munnleg og munnleg-praktisk eksamen \(artikkel Udir\)](#)
- [Rundskriv Udir-2-2020](#)
- [Forskrift til opplæringslova kapittel 3 om individuell vurdering](#)

Felles retningslinjer skal bidra til tydelege forventningar, og gi ei felles forståing for ansvar og rammar for eksamenssituasjonen.

Munnleg og munnleg-praktisk eksamen for elevar

Munnleg eksamen og munnleg-praktisk eksamen med førebuing kan ikkje gjennomførast på måndagar eller dagen etter offentlege heilagdagane og høgtidsdagane.

Læreplanen i faget fastset om eksamensform skal vere munnleg eller munnleg-praktisk.

Før eksamen

Oppgåvelaging

Faglærer har plikt til å utarbeide forslag til tema/problemstilling som eleven får på førebuinga. Ved munnleg og munnleg-praktisk eksamen blir det ikkje utdelt spørsmål som skal svarast på under eksamen.

Tema/problemstilling må utarbeidast slik at kandidaten får vist kompetanse i så stor del av faget som mogleg ut frå eksamensforma. Tema/problemstilling må vere omfattande nok til at det blir naturleg å trekkje inn fleire delar av læreplanen under vurderingssamtalen. Faglærer er ansvarleg for å utarbeide tilstrekkeleg tal på oppgåvesett. Så langt det er mogleg, skal ikkje fleire enn to elevar ha same oppgåvesett.

Forslag til tema/problemstilling skal leverast til rektor innan 1. mai. Rektor er ansvarleg for å kvalitetssikre og godkjenne at dei er i samsvar med læreplan, forskrift og rundskriv.

Sensorar

Kompetanse- og næringsavdelinga vil så langt det er mogleg informere eksterne sensorar om oppdrag 4-5 veker før eksamen. Det skal opplysast om fag, dato og klokkeslett for eksamen, og kva skole eksamen skal haldast på. Opplysningar om sensoroppdrag er konfidensielle. Faglærer får melding frå rektor om trekk av fag 2-3 veker før eksamen.

Seinast 2 veker før eksamen, skal ekstern sensor ha motteke følgjande opplysningar frå eksamensskolen:

- følgjeskriv med opplysning om faglærars namn, fag, tal på kandidatar og tidspunkt for eksamen
- tema/problemstilling for førebuing
- vurderingskriterier
- emneliste/leseliste/fagrapport (oversikt over stoff, tekstutval, elevøvingar, arbeidsmetodar eller liknande) der dette er relevant

Faglærer skal ta kontakt med ekstern sensor seinast 10 dagar før eksamen. Tida fram til eksamen må brukast til samarbeid mellom faglærer og sensor om rammer for eksamen, plan for gjennomføring, tema/problemstilling, vurderingssamtalen og vurderingskriterier.

Beskjed om trekk

Kandidaten skal få vite kva fag han/ho skal prøvast i 48 timar før eksamen. Meldinga bør kome så nær 48 timar før eksamen startar som mogleg, men ikkje mindre enn 48 timar før første kandidat. Laurdagar, søndagar, høgtidsdagar og heilagdagar skal ikkje reknast med.

Førebuing

Munnleg eksamen etter LK06 og LK20 skal ha 24 timar førebuing.

Munnleg-praktisk eksamen etter LK06 skal ha 24 timar førebuing. Munnleg-praktisk eksamen etter LK20 skal ha 24 timar førebuing, når det går det fram av vurderingsordninga i læreplanen at faget skal ha førebuing. For programfag innan utdanningsprogram for musikk, dans og drama er det gjort unntak med omsyn til lengda på førebuingdelen til munnleg-praktisk eksamen. I desse faga skal elevane få oppgitt tema/problemstilling samstundes med at dei får melding om kva fag dei skal prøvast i. Lengda på førebuingdelen for desse faga blir då 48 timar.

Dei første 24 timane etter trekk av fag blir disponert av elevane. Når førebuinga tek til 24 timar før sjølve eksamen, skal eleven få oppgitt tema/problemstilling. Tema/problemstilling skal trekkjast av skolen ved rektor eller andre personar med delegert mynde.

Førebuingdelen skal forberede elevane på utfordringar og oppgåver dei møter på eksamen i faget. Førebuinga skal vere rettleiande og skal hjelpe elevane med å sjå samanheng mellom tema/problemstilling og læreplan. Under førebuinga er alle hjelpemiddel tillat. Elevane har rett på eit pedagogisk tilbod frå skolen, men ikkje undervisning. Elevane skal møte på skolen og ha tilgang til lærar. Skolen legg til rette for at elevane kan få minimum 2 timar rettleiing. Rettleiing skjer i gruppe med lærar, etter at tema/problemstilling er gjort kjend for elevane. Resten av skoledagen skal lærar vere tilgjengeleg for spørsmål frå elevane.

Førebuinga er ein obligatorisk skoledag, dagen før eksamen. Elevar som ikkje møter på førebuingdagen, skal få tema presentert seinast ved oppmøte på eksamensdagen. Det skal først fråvæer på elevar som ikkje møter på skolen på førebuingdagen. Elevar som ikkje møter på førebuingdagen mistar ikkje retten til å ta eksamen.

Skolen ved rektor er ansvarleg for at nødvendig utstyr og verktøy er tilgjengeleg både under førebuingdelen og under eksamen, slik at eksamen kan gjennomførast på ein forsvarleg måte.

Lyttetekstar

Skal lyttetekstar nyttast til munnleg eksamen, skal dei vere ein del av førebuinga og/eller inngå i den tida eleven har til rådighet under eksamen. Ei lytteprøve skal ikkje gis i tillegg til gjennomføringa av eksamen, til dømes 30 minutt før eksamen tar til.

Under eksamen

Eksamenslengde

Rammene for eksamen på eksamensdagen skal vere:

Munnleg eksamen - inntil 30 min per kandidat

Munnleg-praktisk eksamen - inntil 45 minutt per kandidat.

Gjennomføring av eksamen

Kravet om en presentasjon som utgangspunkt for samtalen under munnleg eksamen er oppheva.

Presentasjon kan framleis brukast til munnleg og munnleg-praktisk eksamen, men det skal være frivillig for eleven. Om eleven vel å starte eksamen med ein presentasjon, kan presentasjonen utgjere inntil 10 minutt av eksamenstida.

Intern sensor skal styre vurderingssamtalen, men ekstern sensor kan vere deltakande og skal kunne delta i samtalen. Det er viktig at sensorane stiller spørsmål som gjer at eleven får vise sin kompetanse i faget. Sensorane skal leite etter den kompetansen eleven har. Munnleg og munnleg-praktisk eksamen skal gje eleven høve til å vise sin kompetanse i så stor del av faget som mogleg ut frå eksamensforma. Ein eksamen skal ikkje organiserast på ein slik måte at eleven berre blir prøvd i ein liten del av læreplanen.

Praktisk innslag ved munnleg-praktisk eksamen

I alle fag med munnleg-praktisk eksamen skal det gjennomførast eit praktisk innslag i løpet av eksamenstida. Det praktiske innslaget kan gjerast kjent for elevane i temaet/problemstillinga som blir gitt i førebuinga.

Hjelpemiddel

Tillate hjelpemiddel under eksamen er egne notat på eit A4-ark, og eventuelle hjelpemiddel for å presentere forslag til løysning på tema/problemstilling, til dømes powerpoint-presentasjon, lydfil, filmsnutt, bilde, grafar, lovverk eller liknande.

Vurdering

Eksamen skal vurderast av to sensorar. Ved eleveksamen skal den eine sensoren vere ekstern. Den andre sensoren kan vere faglæraren.

Faglærer er ansvarleg for at elev og sensor blir gjort kjend med vurderingskriterier for eksamen. Eksamenskarakteren er eit uttrykk for den kompetansen eleven viser i faget under eksamen.

Det er læreplanen i faget som styrer kva som skal inngå i vurderingsgrunnlaget. Kompetansemåla skal vere grunnlaget for vurderinga av kompetansen eleven viser under eksamen. Nokre fag/læreplanar har eigne kompetansemål, kjerneelement eller hovudområde som handlar om å kunne presentere/kommunisere det faglege innhaldet. I desse faga vil munnlege ferdigheiter kunne inngå som en større eller mindre del av vurderinga av elevens kompetanse i faget.

Er sensorane usamde om karakteren, er det den eksterne sensoren som avgjer.

Karakteren skal settast på individuelt grunnlag. Etter kvar kandidat skal sensorane diskutere seg fram til karakter. Eleven skal få vite karakteren med ein gong.

Munnleg og munnleg-praktisk eksamen for privatistar

Munnleg eksamen og munnleg-praktisk eksamen for privatistar i Møre og Romsdal fylkeskommune skal gjennomførast slik:

30 (munnleg)/45 (munnleg-praktisk) minutt før eksamen tek til skal privatisten få utdelt/trekkje tema for eksamen. Privatisten skal ha 30/45 minutt førebuing. Alle hjelpemiddel er tillat i førebuinga. Hjelpemiddel under eksamen er stempla notatark frå førebuinga. Spørsmål for vurderingssamtalen skal ikkje delast ut til kandidaten.

Med helsing

Kariann D. Flovikholm
kompetansesjef

Ann-Christin Hoel Lervik
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krever derfor ikke signatur

Gjenpart:
Fylkeskommunedirektør
Fylkesordføraren
Lærarorganisasjonane
Utdannings- og kompetanseutvalet
Yrkesopplæringsnemnda